

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
1	1.Alver kommune	Vågenes bedehus, Radøy Tilbakeføring av kledning, vindauge og dører.	337 000	40 000	40 000	Alver kommune har vedteken kulturminneplan, og kommunalt tilskot til kulturminne. Bedehusa er under press i vår region. Vågenes bedehus er det eldste bedehuset i tidlegare Radøy kommune, og bygget er i dag i bruk som grendahus. Restaureringsplanen er utarbeidd i samarbeid med Kulturverntenesta i Nordhordland. Bedehuset er prioritert i gjeldande kulturminneplan i verneklasse B.
	2.Alver kommune	Fire torvhus i Veneset	608 121	250 000	0	Restaureringsplanen er utarbeidd i samarbeid med Kulturverntenesta i Nordhordland. Bedehuset er prioritert i gjeldande kulturminneplan i verneklasse B.  Søknad om tilskot om støtte til restaurering av torvhusa er eit godt tiltak, men på bakgrunn av avgrensa midlar til fordeling vert tiltaket ikkje prioritert i denne omgang.
<b>SUM ALVER KOMMUNE (2)</b>			<b>945 121</b>	<b>290 000</b>	<b>40 000</b>	
2	1.Askvoll kommune	Sjøbua, Engelbua, som ligg i Værøyhamn. Skifting av tak, kledning på nordvegg, skifting av vindskier og oppjustering av utvendig mur.	280 000	150 000	60 000	Askvoll kommune har vedteken kulturminneplan og tilskotsordning for kulturminne. Kommunen har prioritert søknaden. Kommunen har egne kulturmidlar og har prioritert alle dei omsøkte tiltaka med midlar. Sjøbua, Engelbua, som ligg i Værøyhamn, vart bygd i 1912 og brukt som sjøhus fram til 2000. Eigd av Værlandet Vel som nyttar bua som lokalt sjøbruksmuseum med dugnadsdrift. Ligg med omsynssone H570 og omtalt i kulturminneplan.
	2,Askvoll kommune	Restaurering av frittliggande jordkjellar, Kleppenes Bruk, Holmedal	70 750	35 000	0	Jordkjellaren ligg i tilknytning til eit tun der fleire bygg er nytta i samband med kulturarrangement. Kjellaren skal rehabiliterast, men søknaden har ikkje detaljer om tiltaket. Ikkje omtalt i kulturminneplan.
	3.Askvoll kommune	Maling av tak og skifting av vindauge på løe som skal hyse privat utstilling om 2.verdskrig.	22 400	7 500	0	Det lokale, private krigsmuseet er omtalt i kommunen si kulturminneplan. Tiltaket er knytt opp mot lokal kulturminneformidling. Tiltaket vert ikkje prioritert, då det gjeld vedlikehald og skifting av vindauge.
<b>SUM ASKVOLL KOMMUNE (1)</b>			<b>280 000</b>	<b>192 500</b>	<b>60 000</b>	

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
3	1.Askøy kommune	Brygga "Longjabryggjo" Reparering av setningsskade etter hærverk med traktor.	38 075	19 000	10 000	<p>Askøy kommune har nyleg ferdigstilt kulturminneplan, og har kommunalt tilskot til kulturvern. Longjabryggjo var eit viktig knutepunkt sør på Askøy, og bør sjåast i samanheng med tiltaket som gjeld elveløpet i Krokåsdalen. Vegen frå brygga går gjennom Krokåsdalen til Strusshamn kyrkje, og er blant dei eldste vegfara i kommunen. Longjabryggjo er prioritert i gjeldande kulturminneplan som eit kulturminne med høg verdi, og er foreslått som omsynssone i KPA.</p> <p>Vestland fylkeskommune har valgt å sjå søknad 1 og 2 i samanheng, då dei omsøkte tiltaka ligg i same område. Krokåsdalen er prioritert i gjeldande kulturminneplan med svært høg verdi, og er foreslått som omsynssone i KPA.</p> <p>Vi har valgt å følgje Askøy kommune sine prioritering der dei framheva Krokåsdalen.</p>
	2.Askøy kommune	Steinsett elveløp i Krokåsdalen Reparasjon av steinsetting og rensking av vegetasjon	249 375	100 000	30 000	
	3.Askøy kommune	Demning "Stemmo i Dalen"	60 000	30 000	0	
	4.Askøy kommune	Torvhus, Nordre Haugland	100 000	50 000	0	
<b>SUM ASKØY KOMMUNE (4)</b>			<b>447 450</b>	<b>181 900</b>	<b>40 000</b>	
4	1.Aurland kommune	Det omsøkte tiltaket gjeld restaurering av taket, som i dag har teglstein, der store delar er forvittra og i samband med dette arbeidet vil takkonstruksjonen restaurerast der det eventuelt er råte, skifting av vannbord og eksisterande plasrenner skal skiftast ut med renner i metall	1 111 500	200 000	70 000	<p>Aurland kommune har vedteken kulturminneplan, men har ikkje eiga tilskotsordning til verna kulturminne. Vangsgarden var bygd i 1770-åra som kapteinbustad, og tatt i bruk som gjestgjeveri i 1854. Påbygd i siste halvdel av 1800-talet og framstår som eit empirebygg i dag. Bygget er ein del av eit rekkjetun med fleire ulike bygg med eit mangfold av funksjonar, som bakeri og skysstasjon i tillegg til landbruksfunksjonar. I bygningsmiljøet ligg det vedtaksfreda bygget Aabelhiem. Hovudhuset på Vangsgården er i bruk som overnattingsstad. Prioritert med</p>

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						verneklasse A i kulturmineplan. Ligg i område som er regulert til omsynssone bevaring.
	<b>SUM AURLAND KOMMUNE (1)</b>		<b>1 111 500</b>	<b>200 000</b>	<b>70 000</b>	
5	1.Austevoll kommune	Hengjo, Bekkjarvik, Tilpassing av bygget til maritimt utstillingslokale, samt scene for teater og konsertar. Oppføring av lavt tilbygg med glasvern på store delar av eine langsida mot sjøen, samt glasvern i front.	2 200 500	2 200 000	0	Austevoll kommune har kulturminneplan og tilskotsordning der ein kan søke om midlar som er retta mot mål i planen. Vestland fylkeskommune ser at dette er eit godt tiltak som kan føre til vidare bruk av bygget. Tiltaket slik det ligg føre vert ikkje prioritert, då tilskotsordninga rettar seg mot å restaurering etter antikvariske prinsipp, ikkje mot tilpassing til ny bruk.
	2.Austevoll kommune	Meyergården.Totalrenovering som er ein del av Kvalvåg Handels og gjestgjevarstad.	4 712 000	4 712 000	0	I søknaden til Meyergården er det totalrenovering som fell utanfor tilskotsordning.
	3.Austevoll kommune	Naust, Kolbeinshamn, kjøp og innsetting av tidsriktige vinduer vindauge og dører og dører. Vil ta vare på bygget sin eigenart.	325 000	150 000	0	Tiltaket på nauset stettar ikkje intensjonen med restaureringsprinsippa i tilskotsordninga.
	<b>SUM AUSTEVOLL KOMMUNE (3)</b>		<b>7 080 000</b>	<b>7 062 000</b>	<b>0</b>	
6	1.Bergen kommune	Taktekking, Lille Markeveien 23, Bergen	219 250	219 250	50 000	Eksisterande tak er lagt i takstein av betong. Huset ligg i eit tett trehusområde av særleg bevaringsverdig interesse (NB-område Bergen Nordnes Syd). Første etasje blei reist i 1640, og andre etasje i 1760. Den detaljerte fasaden er restaurert mot Lille Markeveien. Området er omtala i

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						høyringsutkast til ny kulturminneplan for Bergen. Bergen kommune har eiga tilskotsordning for kulturminne.
	<b>SUM BERGEN KOMMUNE (1)</b>		<b>219 250</b>	<b>219 250</b>	<b>50 000</b>	
7	1.Bjørnafjord kommune	Istandsetjing av tak på våningshus, Ferstad gard 47/1	300 000	300 000	50 000	Bjørnafjorden kommune har kulturminneplan for området som gjeld gamle Fusa, men ikkje for Os. Sektorplan for kultur er under arbeid, og kulturvern er eige tema. Har ikkje tilskotsordning for kulturvern. Ferstad gard er ein embetsgard, der eldste del av det tofløya hovudbygget skriv seg frå eit gammalt gardshus frå omkring 1645. Gardstunet er av regional interesse, og bygga vart restaurert under rundt 1980 med tilskot frå Riksantikvaren. Bygningsmiljøet framstår stilhistorisk som eit representativt og autentisk døme frå tidsperioden, og som ein del av eit kulturlandskap med tradisjonell landbruksdrift. Kommunen har prioritert tiltaket som nummer ein på si liste. Det er foreslått omsynssone i ny KPA, og i ny sektorplan vil miljøet bli vekta som eit av dei mest verneverdige i kommunen.
	2.Bjørnafjord kommune	Lysekloster hovudgard. Utbetring av berande konstruksjonar og kledning på uthus Gnr 199/2	50 000	50 000	20 000	Konstruksjon og kledning i uthuset frå 1700-talet skal utbetrast. Har ingen formell vernestatus i dag. Lysekloster hovudgard er å rekne som eit viktig, regionalt kulturmiljø.
	3.Bjørnafjord kommune	Restaurering av trerenner på sjøbuer. Handels- og gjestgjevarstad, Engevikhavn 199/2,	112 500	77 500	40 000	Prioritert i kulturminnevernplan for Fusa. Fylkeskommunen og Riksantikvaren har tidlegare løyvd midlar. Av regional interesse.
	4.Bjørnafjord kommune	Brannskikringstiltak, Engevik Gaard 199/1	1537 000	148 000	0	Det er kome inn fleire gode søknader frå Bjørnafjorden kommune, med detaljert dokumentasjon både over det omsøkte kulturminnet og korleis dei konkrete tiltaka er tenkt utført. Vestland fylkeskommune har valt å gje midlar i samsvar med kommunen si prioriterte liste, der det er

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	5.Bjørnafjord kommune	Gjenreising av Håkastova - gjennomføring av kurs i tradisjonshandverk, Nordstøno 27/1 Stiftinga Lyngheim søkjer.	1 980 000	660 000	0	avsett midlar til dei tre første på lista. Vi kan diverre ikkje prioritere fleire tiltak grunna avgrensa midlar.  Tiltak 4 gjeld brannsikringstiltak i hovudhuset på Engevik Gaard, som er under restaurering/ombygging. Det er behov for utskifting av det gamle elektriske anlegget, installering av brannsentral og varslarsystem. Hovudhuset er eit lafta embetsmannshus frå siste kvartal av 1700-talet.
	6.Bjørnafjord kommune	Restaurering av tak, våningshus frå 1889, Mjånes 200/17	393 750	150 000	0	Kommunen viser sjølv til at fleire av tiltaka kan kvalifisere til midlar frå andre ordningar. Dei viser m.a. til SMIL-ordninga, og spesifikt til at søknaden frå Stiftinga Lyngheim som gjeld gjenreising av Håkastova (tiltak 5, gamal røykstove frå 16-1700-talet) og gjennomføring av kurs i tradisjonshandverk kanskje kan vere aktuell for andre ordningar. Vi tek gjerne ein dialog med kommunen omkring dette.
	7.Bjørnafjord kommune	Restaurering av tak på våningshus frå siste halvdel av 1800, Berge 71/113	955 000	130 000	0	Dei omsøkte tiltaka nr. 6, 7, 8 og 9 gjeld alle restaurering av tak på våningshus.
	8.Bjørnafjord kommune	Restaurering av tak på våningshus, eldste del frå 1801, Skjørsand 140/13	84 250	84 250	0	Det siste tiltaket gjeld restaurering av ei steinbu ved Botnavatnet. Denne vart reist i 1930, og var tenkt som ei fiskebu.
	9.Bjørnafjord kommune	Restaurering av tak, våningshus frå 1845, ,Skjelbreid 142/1	55 000	25 000	0	
	10.Bjørnafjord kommune	Restaurering av steinbu ved Botnavatnet	135 000	102 000	0	
	<b>SUM BJØRNAFJORD KOMMUNE (11)</b>		<b>5 602 500</b>	<b>1 726 750</b>	<b>110 000</b>	
<b>8</b>	1.Bømlo kommune	Baadehuset, Espevær.Det er søkt om å oppgradere 16 vindauger i 2.høgda.,	165 000	90 000	35 000	Bømlo kommune har vedteken kulturminneplan, men har ikkje eigne midla til verna kulturminne. Dei omsøkte tiltaka er omtalt i kulturminneplanen. Baadehuset i Espevær er eit handel- og bustadhus frå 1850. Eigd av Stifelsen Baadehuset, Dei eksisterande

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						vindauga skal restaurerast etter antikvariske prinsipp. Ligg inni kulturminneplan.
	2.Bømlo kommune	Restaurering av vindauge, loft og tak ved skorstein på bedehuset Fridtun. Takreperasjon og roteskader i vegg på Hilleborgstova.	188 000	94 500	30 000	Søknaden omfattar to bygg: Fridtun som er bygd som eit bedehus i 1845. Seinare har huset fungert som skulehus, bank, telefonsentral, postkontor. Hillesborgstova frå 1830 - åra, var brukt som fattigstove. På 1950 talet var den i bruk som skomakarverkstad. Bygga er omtalt i kulturminneplanen i kommune.
	<b>SUM BØMLO KOMMUNE (2)</b>		<b>353 000</b>	<b>184 500</b>	<b>65 000</b>	
9	1.Etne kommune	Istandsetjing av grue og pipeløp i eldhus, Skånevik. Innsetting av ny bakaromn på fundament av gamal Gbnr 136/13	66 500	66 500	0	Tiltaket på naustet gjeld ny bakaromn og stettar ikkje intensjonen med restaureringsprinsippa i tilskotsordninga.  Etne kommune har ikkje vedteke kulturminneplan, og har ikkje eiga tilskotsordning for kulturminne.
	<b>SUM ETNE KOMMUNE (1)</b>		<b>66 500</b>	<b>66 500</b>		
10	1.Fjaler kommune	På sjøhuset Nilsbua, Hellevika, er det søkt om å restaurere skuten tilbake til original stand .	117 070	50 000	25 000	Alle dei mottekne søknadene er omtalt i Fjaler kommune sin kulturminneplan. Kommunen har eige tilskot til verna kulturminne, og har gjort prioriteringar.  Nilsbua, er ei stor sjøbu som har husa landhandel/ butikk/skipsekspedisjon/lagerrom, skomakarverkstad og bustad i 2.etasjer. Då Hellevika fekk rutestopp i 1895, var bua flytt til. Bua er ei av få som er att av dei store buene som det fantes mange av i Dalsfjorden. Bua er med i kommunen si kulturminneplan (vedtatt i 2019). Støtte med kr. 30 000 frå kommunen. Har 50% finansiering på plass.
	2.Fjaler kommune	Restaurering og sikring av stabbur på Steia, Dale i Sunnfjord	187 500	90 000	25 000	Garden Steia hadde mange eigarar. Nikka Vonen, kjøpte garden av han i 1876. Steia var i si tid ein kjend kulturinstitusjon. Nikka Vonen (1836 - 1933) dreiv sin kjende pensjonatskule for jenter der i meir enn tretti år. Fleire av husa på garden som treng vøling. Stabburet er

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						det som først må "reddast". Er omtalt i kommunen si kulturminneplan og det ligg innafor omsynsson H570. Har 50% finansiering.
	3.Fjaler kommune	Lillingstonheimen, Tysse Gbnr. 38/ 26. Det er søkt om å restaurere grunnmur på hovudhuset, som er frå kring 1808. Arbeidet med muren skal utførast som ein del av kurs i regi av tradisjonsmurar Tore Granmo, kalkeksperter Per Storemyr og Atle Ove Martinussen.	100 000	30 000	0	«Lillingstonheimen», representerer store og ålment tilgjengelege kulturminneverdiar - både i seg sjølv, og som kjerne i det særskilde kulturmiljøet og -landskapet på Tysselandet. Bygningane på tunet vart i hovudsak oppsett av sorenskrivar Nils Landmark i første halvta av 1800-talet, og var heim for var for den engelske familien Lillingston i perioden 1880-1967. Eigedommen er eigd av Fortidsminneforeningen, avd. Sogn og fjordane. Fekk tilskot i 2020. Har 50% finansiering. Tiltaket blir ikkje prioritert pga avgrensa midlar.
	4.Fjaler kommune	Restaurering av tak og vegger, Trudevang ungdomshus, Dale i Sunnfjord	1 044 705	100 000	0	Trudevang er teikna av arkitekt Johan Lindstrøm (i 1927), og er sterkt inspirert av den klassiske arkitekturen (empire-stil).Detaljar utvendig er bevart og ved bytte har dei vorte kopiert. Den opphavlege scena inne i salen er godt bevart. Huset skal ha vore reist på dugnad og stod ferdig i 1932. Ungdomshuset skal ha vore forlenga i mot aust i 1956. Vurderer tiltaka som naudsynte, men blir ikkje prioritert pga avgrensa midlar.
	<b>SUM FJALER KOMMUNE (4)</b>		<b>1 332 205</b>	<b>220 000</b>	<b>50 000</b>	
11	1.Høyanger kommune	Restaurering av vindauge og ytterdør Underdalshuset, Høyanger sentrum	103 000	103 000	30 000	Høyanger kommune har kulturminneplan der Sanitetshuset i Parken i Høyanger sentrum, er omtalt. Området er regulert med omsynssone H570. Huset blei flytt til Høyanger i 1901 frå Undredal i Sogn som medgift til garden Øren. Industrireisinga kom nokre år seinare. Dette er såleis det eldste huset i Høyanger. Kommunen har ikkje kulturmidlar til verna kulturminne.
	2.Høyanger kommune	Istandsejting av Ura, Ikjefjord,	1500 000	500 000	0	Det er søkt om restaurering av huset utvendig, frå takkonstruksjon til utskifting av inngangsdør, vindauge og erstatning av reve tilbygg. Det er ikkje laga detaljer

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						kostnadsoverslag eller finansieringsplan. Det er ikkje regulert med omsynsson eller omtalt i kulturminneplanen til Høyanger kommune.
	<b>SUM HØYANGER KOMMUNE (2)</b>		<b>1 503 000</b>	<b>603 000</b>	<b>30 000</b>	
12	1.Kvam herad	Restaurering av grindverksnaust, gbnr 121/36, Strandebarm	143 000	50 000	0	<p>Kvam kommune har kulturminneplan vedtatt i 2017. Kommunen har ikkje egne kulturvernmidlar og kommunen har heller ikkje prioritert søknadene.</p> <p>Det er søkt om tiltak på grindverksnaust frå omkring 1870-talet som blir nytta til lagring av færingar som tilhøyrar eigar av Kinckgarden. Dette er eit godt tiltak, som vil berge eit naust som står til nedfalls. Naustet er ikkje nemnt i kulturminneplanen. Tiltaket vil på dette grunnlag ikkje bli prioritert.</p>
	2.Kvam herad	Restaurere taket på Storahuset, Norheimsund/ Hardanger fartøyvernseier	286 500	200 000	0	Bygg i kommunalt eige og fell dermed utanom denne tilskotsordninga.
	3.Kvam herad	Restaurering av grunnmur på husmannsstove, Kjepso gbnr 79/1	224 500	130 000	50 000	<p>Kjepso er ein veglaus fjellgard, med fleire bygningar, som står oppført på gul liste i Kvam herad sin gjeldande kulturminneplan. Garden er i framleis i drift, og eigarane har brukt mykje tid på vedlikehald av bygningsmassen. Tiltaket gjeld istandsetjing av grunnmuren, som er i ferd med å rase ut, på husmannsstova frå 1841. Bygningsvernkonsulenten i Hardanger har vore involvert i prosjektet. Tiltaket har også motteke midlar frå Norsk</p>



Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	4.Kvam herad	Sikringstiltak/ skadedyrbekjemping. Gamleløa på Nes. Gbnr 140/3	274 000	120 000	30 000	kulturarv. Kulturmiljøet på Kjepso er sjeldsynt og autentisk. Vedlagd finansieringsplan.  Nestunet på Mundheim er eit tradisjonelt tun med eldre bygningar, dels med opphavleg plassering og dels slike som er flytta til tunet seinare og restaurerte. Garden står oppført på gul liste i Kvam herad sin gjeldande kulturminneplan. Fylkeskonservatoren presiserte då at løa er eit av dei største og best bevarte løebygga i heile regionen.  Holmsundet er eigd av staten og forvalta av kommunen og fell dermed utanom denne tilskotsordninga.
	5.Kvam herad	Pågåande restaurering av båtverkstad, der omsøkte tiltak gjeld produksjon og montering av port med smijernsbeslag, kopiar av opprinnelege vindaug. Holmsund Gbnr 33/5	270 000	100 000	0	
	<b>SUM KVAM KOMMUNE (5)</b>		<b>1 198 000</b>	<b>600 000</b>	<b>70 000</b>	
13	1.Luster kommune	Restaurering av uteløe på Nedrestølen, Ormelid, som er heimestøl for garden Ormelid og ligg i luftlinje ca 560 meter nordaust for tunet.	728 000	285 000	0	Luster kommune har vedteken kulturminneplan frå 2020, og har eigen tilskotsordning for verna kulturminne. Kommunen har prioritert dei omsøkte tiltaka. Restaurering av utløe på Nedrestølen er eit høgt prioritert tiltak, på eit viktig kulturminne. Fylkeskommunen vurderer dette tiltaket som svært viktig å få fullført når arbeidet først vert sett i gong, og difor vil dei fylkeskommunale midlene som vi kan fordele til dette prosjektet i år ikkje vere tilfredstillande å sette i gong med. Vi oppmuntrer difor til å søke om tilskot frå andre ordningar. Nedrestølen inngår i den delen som er omfatta av «Utvalde kulturlandskap i landbruket» - Ormelid.
	2.Luster kommune	Vindaugsrestaurering på Munthehuset, Ytre Kroken. Vindaugsrestaureringa er viktig for drifta av huset for innklimaet med tanke på m.a. den verdfulle takdekorasjonen og andre kunstobjekt.	132 000	90 000	50 000	Munthehuset er bygd i perioden 1765-1785 då garden var kommen i Munthefamilien si eige. Huset vart utvida i perioden 1841-45 og bygd på med ein ny etasje etter at kaptein Gerhard Munthe busette seg i Kroken. Munthehuset var i perioden frå tidleg 1800 og fram til 1876, samlingsstad for dei mest kjende nasjonalromantiske målarane på den tida. Munthehuset har takdekorasjonar av

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						Johannes Flintoe i to av romma i 2. etasje. Så vidt ein veit er det berre slottet i Oslo og Oscarshall som har liknande dekorasjonar. Det betyr at desse dekorasjonane er av nasjonal interesse. Frå 1897 til 1955 var huset leigd ut til Nordre Bergenhus Arnts sin praktiske jenteskule, som var Norge sin eldste offentlege jenteskulestarta i Holmedal i Sunnfjord i 1877. Denne epoken er også ein vesentleg del av huset si historie.
	3.Luster kommune	Restaurering av "nyløa" på husmannsplassen Hestaskårane.	570 150	210 000	30 000	Hestaskåra er ein særskilt husmannsplass. Eigenarten ved husmannsplassen er storleiken og autentisiteten. Den er omtalt som eit av dei viktigaste kulturminna i kommunen i kulturminneplanen. Søknaden omfattar tiltak med å merke og dokumentere materiale i samband med restaurering av tak, mur i grisefjøs, konstruksjon, kledning, dører og vindauge. Det er laga detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan.
	<b>SUM LUSTER KOMMUNE (3)</b>		<b>1 427 150</b>	<b>585 000</b>	<b>80 000</b>	
14	1.Lærdal kommune	Frilund ungdomshus, søknad om tilskot til varevindaug innvendig.	110 000	55000	20 000	Lærdal kommune har godkjent kulturminneplan, der ungdomshuset er omtalt. Kommunen har ikkje eigne tilskotsmidlar til verna kulturminne. Ligg innanfor omsynssone. Huset er bygd i 1923, etter teikningar av arkitekt Johan Lindstrøm. Lindstrøm vart etter kvart arkitekt for fleire ungdomshus og andre forsamlingshus i Sogn og Fjordane og Hordaland. Ungdomshuset som har namnet Frilund, er bygd i typisk 1920-talsklassisisme, med tempelfasade. Ungdomshuset er godt bevart med mellom anna «titteskaps scenen» intakt. Ungdomshuset er eit viktig kulturminne av regional verdi. Det er laga kostnadsoverslag og finansieringsplan.
	<b>SUM LÆRDAL KOMMUNE (1)</b>		<b>110 000</b>	<b>110 000</b>	<b>20 000</b>	
15	1.Modalen kommune	Restaurering av utvendig fasade på Skomakerhuset, Gbnr 76/13	953 125	478 562	0	Modalen har kulturminneplan frå 2000, samt tilskot til kulturvern.

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						Skomakerhuset fell utanom retningslinene, då tiltaket er knytt opp mot oppgradering av fasade og utskifting av vindauge som ikkje er tenkt utført etter antikvariske prinsipp.
	2.Modalen kommune	Stølshus, Almelidstølen, Gbnr 79/2, (78/2?)skifting av kledning og tak	402 449	402 449	0	Stølshuset er eit av 4 sel på Almelidstølen. Tiltaket på stølshusa på Almelidstølen og Tverrdalsstølen manglar finansieringsplan der dei kan vise til minst 50% anna finansiering.
	3.Modalen kommune	Vøling av sel. Tverrdalsstølen på Øvre Helland, Gbnr 81/3	146 049	146 049	0	
	<b>SUM MODALEN KOMMUNE (3)</b>		<b>1 501 623</b>	<b>1 025 060</b>	<b>0</b>	
16	1.Osterøy kommune	Restaurering av sørleg gavlvegg på brakekledd utløe. Borge Gbnr. 9/3	161 938	46 000	25 000	Arbeidet er såpass omfattande at det skal gjerast over 3 år. Dei har tidlegare motteke midlar frå fylket til vøling av løa. No skal den sørlege gavlen vølast. Osterøy har den høgste tettleiken med brakekledd bygg, men det blir færre og færre av dei. Kulturverntenesta ved Museumssenteret i Hordaland har vore på synfaring, og presiserer at bygget har høg kulturminneverdi. Kommunen har ikkje tilskotsordning eller kulturminneplan, men tiltaket vert vurdert å ha regional verdi.
	<b>SUM OSTERØY KOMMUNE (1)</b>		<b>161 938</b>	<b>46 000</b>	<b>25 000</b>	
17	1.Samnanger kommune	Restaurering av fabrikkpipe, SAFA (Samnanger Fabrikker) Tysse	2 827 875	600 000	100 000	SAFA på Tysse har sidan oppstarten i 1941 vore ei viktig hjørnesteinsbedrift. Den gamle teglsteinspipa frå 1899 var den einaste som stod att etter brann på staden. Pipa har ikkje vore nytta sidan 1998, og har forfalle raskt. Samnanger kommune og fylkeskommunen har argumentert for at pipa må bevarast, då den er eit viktig kulturminne som viser tilbake til pionerfasen for industrien i området Tiltaket har motteke midlar på kr 600.000 frå Kulturminnefondet, 150.00 frå UNI stiftelsen og kr 100.000 frå Samnanger kommune - samt at det er politisk sak til handsaming som eventuelt kan tilføre prosjektet fleire midlar.
	<b>SUM SAMNANGER KOMMUNE (1)</b>		<b>2 827 875</b>	<b>600 000</b>	<b>100 000</b>	

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
18	1.Sogndal kommune	Restaurering av tregolv i Det Heibergske Familiemuseet, Amla	438 000	438 000	60 000	Sogndal kommune har kulturminneplan der familiemuseet i Amla er omtalt. Sogndal kommune har ikkje eigen tilskotsordning til verna kulturminne. Bygget i Amlabukta var tidlegare museumsbygg for De Heibergske Samlinger. Bygget er det første formålsbygde museumsbygning i Sogn og Fjordane. Arkitekt Holger-Sinding-Larsen teikna bygningen i 1905. Bygningen har høg grad av autentisitet og saman med dei arkitektoniske kvalitetar er det er vurdert til eit viktig kulturminne.
	2.Sogndal kommune	Restaureringsarbeid på Høyvik-huset, Villavegen 1, Balestrand	465 000	465 000	60 000	Tidlegare Balestrand kommune hadde kulturminneplan, der Høyvik-huset var omtala. Huset ligg i det karakteristiske bygningsmiljøet i Balestrand, og er ein kombinasjon av sveitser- og dragestil. Huset er bustadhuset til treskjeraren Høyvik, som har dekorert mange av husa i Balestrand, blant anna ein eigen sal på Kvikne hotell. I reguleringsplan for Bale er eigedomen regulert med omsynssone, bevaring.
	<b>SUM SOGNDAL KOMMUNE (2)</b>		<b>903 000</b>	<b>903 000</b>	<b>120 000</b>	
19	1.Stryn kommune	Visnes Hotel, utvendig måling.	650 000	300 000	60 000	Stryn kommune har vedteke kulturminneplan, der Visnes Hotell er vurdert som eit viktig kulturminne innafor omsynssone bevaring. Kommunen har ikkje eigne tilskot til verna kulturminne. Visnes er eit av dei gamle trehotella i Sogn og Fjordane. Hotellet har vore i drift frå 1887 til 1957 og gjenopna i 1986. Hotellet vart utvida i mellomkrigstida og har bevart eksteriør i sveitserstil. Hotellet ligg i eit tettstadsmiljø med Hotel Central, den gamle doktorbustaden og gardshusa som omkransar hotellet. Kombinasjon med gardsdrift og hotelldrift var vanleg i Stryn.
	<b>SUM STRYN KOMMUNE (1)</b>		<b>650 000</b>	<b>300 000</b>	<b>60 000</b>	

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
20	1, Stord kommune	Restaurering kvernhus, Langeland Gbnr 43/1	191 185	89 760	30 000	<p>Stord kommune har kulturminneplan, som no er under rullering, samt bygningsvernplan. Kommunen har ikkje sett opp prioritering av søknadene.</p> <p>Hønsehus, tidlegare kvernhus, mogleg tidfesting 1861. Tilskotet skal nyttast til å jekke opp den nordlegaste nova, vøle taket og legge ny rasteskifer våle bordkledninga og sette inn ny labankdør. Langeland gard er prioritert i kulturminneplanen. Garden var ein gang det største bruket på Stord, og historia kan førast attende til jernalderen. Tunet på Langelandshaugen, med heile ni bygningar, er eit viktig og verdifullt kulturmiljø.</p>
	2. Stord kommune	Restaurering bustadhus, Tusenhjemmet, Rødkleiv Gbnr 33/109	106 958	60 000	30 000	<p>Tusenhjemmet er ein særmerkt del av kulturmiljøet rundt Stordø kisgruber (Gruo) på Litlabø, lokalisert i Rødkleiv som er det mest typiske arbeidarmiljøet til Gruo. Bustaden er i raud teglsteinsmur og skil seg difor frå dei andre bygga på Litlabø, jamvel i heile kommune. Huset og kulturmiljøet er prioritert i kulturminneplanen og er regulert til vern med omsynssone for bevaring av kulturmiljø.</p>
	3. Stord kommune	Restaureringsarbeid på Leirvik Fengsel, Gbnr 27/794	580 000	300 000	0	<p>Fengselet med rettsbygning er tidfesta til 1863. Tilskotet skal nyttast til å vøle taket på begge bygga, byte vindauge i rettsbygninga og vøle muren på fengselsbygget. Stord kretsfengsel med rettsbygning er prioritert i kulturminneplanen og er regulert til vern med omsynssone bevaring av kulturmiljø. I hovudsak er søknaden retta mot istandsetting med formål hotelldrift. Søknaden vert ikkje prioritert.</p>
	4. Stord kommune	Restaurering av gardshus, tak. Lønning, Gbnr 37/3	610 900	305 450	0	<p>Tiltak 4 gjeld vøling av taket på våningshuset, som blei reist i 1915-16. Det skal leggest nytt sutak og ny skifer på taket. Tiltaket vert ikkje prioritert i denne omgang.</p>

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	5. Stord kommune	Restaurering av kårhus, Digernes Gbnr 52/2	352 400	176 200	0	Det omsøkte tiltaket er knytt opp mot utskifting av vindauge, kledning og måling av huset. Søknaden kan ikkje prioriterast.
	<b>SUM STORD KOMMUNE (5)</b>		<b>1841 443</b>	<b>931 410</b>	<b>60 000</b>	
21	1.Sveio Kommune	Restaurering av naust i Vihovdevikjo, gbnr 18/4. Sikre fundament og restaurere grunder og tak. Søkjar legg vekt på å utføre arbeidet etter antikvariske prinsipp.	366 000	183 000	70 000	Sveio kommune har vedteken kulturminneplan frå 2015., no under rullering. Kommunen har ikkje eiga tilskotsordning. Kommunen har prioritert sjøbruksmiljø når det gjeld søknader til fylket, då mange av sjøhusa er i dårleg stand.
	2.Sveio Kommune	Restaurering av naust, Vihovdevikjo, gbnr 19/6 Prioriterer tak.	162 950	81 475	40 000	Prosjektet Vihovdevikjo er høgt prioritert, då det hastar å gjera tiltak for å bevare miljøet. Alle søknadene gjeld bygg som er prioritert i klasse A med omsynssone i kulturminneplanen
	3.Sveio kommune	Lensmannshuset, Førde, Sveio Restaurere originale vindauge, oppgradere eksisterande varevindauge og montere varevindauge på dei vindauga som ikkje har dette. Arbeidet skal utførast etter antikvariske prinsipp.	365 000	100 000	30 000	Eit særpreg for miljøet i Vihovdevikjo er at det er intakte bryggjer og båtstøer framfor nausta, som er bygde på 1800-talet og i første halvdel av 1900-talet. Søkjar har ein god plan for restaurering i samsvar med antikvariske prinsipp.
	4.Sveio kommune	Sjøhus i Valevåg, "Vatna". Søkjar ønskjer å skifte råtne deler av kledning, og skifta ut vindauge og dører. Tetting mellom pipe og tak.	753 169	185 000	0	Lensmannshuset er det mest «herskaplege» bustadhuset i Sveio, bygt av lensmann Styrk Fjærtøft i 1924 i nyklassisk stil/historisme med trekk frå empire. Det er høg kvalitet i materiale og utføring, og lite er endra sidan byggjeåret. Er prioritert i kulturminneplan og regulert med omsynssone H570 i KPA.
	5.Sveio kommune	Restaurere skifertak, smie i "Smea-Sven sitt tun"	156 500	78 000	0	Vatna i Valevåg er eit unikt sjøhus i Sveio. Det er bygd i 1910 med ei grunnflate på 110 m2 over 3 etasjar. Ut frå alder er det i svært god stand. Det har butikk i nedste etasjen, og leilegheit i andre høgda. Alle originale detaljar er bevarte både innvendig og utvendig. Kommunen har oppfordra til å laga ein betre, heilskapleg plan for
	6.Sveio kommune	Restaurering av steinbrygge og naustmura i Vihovdevikjo gbnr 19/3 og 17/1	149 950	74 000	0	

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						<p>restaurering og bruk av bygget. Delar av søknaden fell såleis ikkje inn under føremålet for ordninga.</p> <p>Smia, der det er søkt om å restaurere taket, ligg i eit tun med fleire verneverdige bygningar frå 17- og 1800-talet. Oppført i tørrmur og med helletak, typisk for byggjeskikken i Sveio. Er prioritert i kulturminneplan og regulert med omsynssone H570 i KPA. Søknaden kan ikkje prioriterast.</p> <p>Bryggjer og båtstøer er ein særleg verdifull del av miljøet i Vihovdevikjo. Er prioritert i kulturminneplan og regulert med omsynssone H570 i KPA, men vert ikkje prioritert i denne omgangen.</p>
	<b>SUM SVEIO KOMMUNE (6)</b>		<b>1 953 000</b>	<b>701 000</b>	<b>140 000</b>	
22	1.Tysnes kommune	Båtbyggeriet, Åsavågen. Restaurere deler av maskinhuset.	172 873	150 000	50 000	<p>Tysnes kommune har prioritert innkomne søknader. Kommunen har vedteken kulturminneplan frå 2020, og eiga tilskotsordning, der alle dei omsøkte tiltaka er prioritert.</p> <p>Det gamle båtbyggeriet i Åsavågen i Tysnes, er eit spesielt kulturminne: Her står og utstyr, skantar og halvmodellar pryder framleis veggene i dei gamle bygga og vitnar om båtbygging i fleire generasjonar. Eit ferdig oppspanta og kledd kravell-bygd sjarkskrog står i dag som eit flott minne etter den siste båtbyggjaren. «Snekkene» frå Åsavåg er godt kjent. Alt arbeid blir gjort slik at bygget blir sjåande ut som det gjorde originalt. Båtbyggeriet ligg ikkje inne i gjeldande kulturminneplan, men kommunen framhevar dette prosjektet og vil gje plass til båtbyggeriet ved neste rullering av kulturminneplanen.</p> <p>Kverna under bruk 1-2 er den einaste som er igjen i vassdraget. Ho er ein god representant for det rike</p>
	2.Tysnes kommune	Restaurere tak og rette opp kvernstein, Midtkverna på Myklestad	241 500	216 500	50 000	

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	3.Tysnes kommune	Restaurere vindauge, Tinghuset i Uggedal	259 000	216 500	0	vassbruksmiljøet som opp gjennom åra har vore i vassfallet ved Uggedal. Dette er første steg i rehabiliteringa. Å få på plass ny vasskall og slåk i elva blir steg to. Målet er at kvernsteinen skal svive rundt slik at den igjen kan brukast til å male korn. Er prioritert i kulturminneplanen og med tilskot frå kommunen.
	4.Tysnes kommune	Restaureringsarbeid på rekkjetun i Færavåg	301 159	150 000	30 000	Tinghuset i Uggedal frå 1910 er eit bygg med høg autentisitet. Huset er i kommunalt eige og fell difor utanfor kriteria for ordninga.
	5.Tysnes kommune	Restaurere laftekasse, Hegglandsstova på Laukhamar Gjennomføring av laftekurs.	95 650	85 650	0	Tiltak 4 gjeld restaurering av tak på hovudhus. Rekkjetunet er eit av dei best bevarte rekkjetuna på Vestlandet med stor regional verdi. Tunet i Færavåg er omtalt i kulturminneplanen som eit kulturminne med høg kulturhistorisk og antikvarisk verdi.  Tiltak 5 gjeld søknadom midlar til å halde kurs i lafting samstundes med at dei restaureear laftekassen på røykstova frå heimgarden til forfattar Johannes Heggland. Stova har vore demontert og satt opp på Dalland, men er no prøveoppsett i eit fjøs på Skorpo i påvente av nytt tømmer og reparasjon av øydelagde stokkar. Røykstova frå ca. 1770 som opphavleg sto på Heggland, vart demontert og gjeve til Tysnes musèlag i 1952. I 2016 vart bygningane gjeve til Olav Laukhamar for oppføring på Laukhamar. Søknaden kan ikkje prioriterast i denne omgangen.
	<b>SUM TYSNES KOMMUNE (5)</b>		<b>1 070 182</b>	<b>735 000</b>	<b>130 000</b>	
23	1.Ullensvang kommune	Restaurering av stabbur på Hesthamar skrivargard.  Stiftinga Hestamar Skrivargard	309 000	61 800	20 000	Tidlegare Jondal og Odda kommune har vedtekne kulturminneplanar. Ullensvang kommune har ikkje eiga tilskotsordning for kulturvern. Kommunen har prioritert innkomne søknader.  Stabburet på Hesthamar er eit lite, enkelt 1700-talsbygg, bygd på tradisjonelt vis. Taket og store delar av kledninga



Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						og vindauga er skifta ut i nært samarbeid med kulturavdelinga ved fylket og Hardanger Folkemuseum. Stabburet kan vere av same alder eller eldre enn huset på tunet, som er frå 1723. Skrivargarden er freda, men ikkje stabburet. Har finansieringsplan med 50% finansiering, samt budsjett.
	2.Ullensvang kommune	Drengestove på Sollesnes, restaurering av helletak, mur og trapp. Pipeløp må settast i stand. Kledning skiftast og vindauga restaurerast.	254 173	146 000	40 000	Drengestove på Sollesnes ligg i tilknytning til Helleura, eit området som har vore drive som eit hellebrot. Det særskilte med helleura og husa i området vurderast som eit heilskapleg kulturmiljø med store kulturhistoriske kvalitetar. Husa har helletak og vegar og tuna er belagt av heller frå ura. Området er vurdert av bygningsvernkonsulent. Området er omtalt i kulturminneplanen.
	3.Ullensvang kommune	Eldhus, Hjøлло, er murt i tørrmur med nokre omfar laft oppå muren. Taket er tekt med heller. Bakaromn i eldhuset. Heller må takast ned og sperr og helletroer på restaurerast. Vøling av mur og laft i tillegg til restaurering av vndauga og dør.	258 400	146 000	0	Eldhuset er ein del av de gamle gardstunet som kan sporast lang tilbake i tid. Eldhuset er uendra etter slik som det sto etter utskiftinga ved hundreårskifte 1800-1900. saman med dei andre husa på garden utgjer dei eit heilskapleg kulturmiljø som det er viktig å ta vare på. Det er vist stor vilje til å føre huset tilbake til at bakarovnen kan takast i bruk. Kostnadsoverslag er utan moms og utan finansieringsplan. Tiltaket vert ikkje prioritert pga avgrensa tilskotsmidler.
	4.Ullensvang kommune	Restaurering av torvtak, murar og generell vøling av kvernhus på Utne.	146 000	146 000	0	Kvernhuset ligg att i det som har vore eit større, eldre kvernhusmiljø på Utne. I uttale frå bygningsvernkonsulent er det lagt vekt på at der er få stader i Hardanger med opphavlege kvernhus som står på rekke, slik dei gjer på Utne. Dei små husa vitnar om ei tid då vasskrafta vart utnytta av bønder som trong effektivisere noko av arbeidet på garden. Desse fem kvernhusa er viktige kulturminner i eit stort ope landskap som går frå fjell til fjøre. Søknaden

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	5.Ullensvang kommune	Sikre tak ved å ta ned helletaket, restaurere taksperr. Skifte ein del kledning og golv, det er ønskje å bygge opp att «troskykkje». Gbnr 315/6	460 000	200 000	0	<p>har ikkje finansieringsplan eller kan vise til 50% finansiering av andre kjelder.</p> <p>Løa er i grindverk med fjøs under. Den igg i eit kultmiljø med fleire bygg langs hellegangen på Solesnes, som er omtalt i kulturminneplanen, men pga avgrensa tilskotsmidlar vert søknaden ikkje prioritert.</p>
<b>SUM ULLENSVANG KOMMUNE (5)</b>			<b>1 427 573</b>	<b>700 000</b>	<b>60 000</b>	
<b>24</b>	1.Vaksdal kommune	Omfattande restaurering av tak på grendahuset Ljosheim.	790 000	180 000	50 000	<p>Vaksdal kommune har kulturminneplan, men ikkje eigen tilskotsordning. Kommunen har prioritert søknadene.</p> <p>Grendahuset/ungdomshuset Ljosheim er eit særskilt kulturminne ved å vere eit av dei eldste av sitt slag i heile landet, oppført i 1897. Bygget er mykje i bruk til ulike arrangement, famnar breitt med tal og type brukarar, og er i ein større bevaringsprosess med tydeleg fokus på attendeføring av det visuelle inntrykket. Har kostnadsoverslag og finansieringsplan. Det er å rekna som ein glipp at bygget ikkje har omsynssone i gjeldande kommuneplan.</p>
	2.Vaksdal kommune	Veo, veaskykkje i grindverk som må resturerast pga råteskade i grindverket. Takkonstruksjon må restureast pga råteskade i sperr, stavleie og sutak. Torvtak må settast i stand etter grinda er styrka.	260 375	130 187	30 000	<p>Skykkjer, utlør og tilsvarande forsvinn som bruksbygg nærmast ubemerka av samfunnet rundt. Det aukar bevaringsverdien til dei som står att. Veo er ein veglaus gard i eit kulturmiljø av høg regional verdi, men også vanskeleg tilgjengeleg for folk flest eit stykke opp i Veafjorden.</p>
	3.Vaksdal kommune	Grindverksløe, Eriksløa på Helle, restaurering av tak som første tiltak. Taket er i dag dekket med bølgeblikkplater.	340 000	170 000	0	<p>Løe i grindverk, som i følgje kulturminneplanen vert vurdert høgt. Kan ikkje prioriterast i denne omgang, pga avgrensa tilskotsmidlar.</p>
<b>SUM VAKSDAL KOMMUNE (3)</b>			<b>1 390 375</b>	<b>480 187</b>	<b>80 000</b>	

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
25	1.Vik kommune	Restaurering og flytting av stabbur, Hønsi gbnr 28/5,	50 000	25 000	20 000	Alle dei omsøkte tiltaka er omtalt i Vik kommune sin kulturminneplan. Kommunen har prioritert søknadene.  Stabburet, er bygd på 1600-talet og vurdert som eit viktig kulturminne, som det er ønskje å flyttast tilbake til opphavelig tun. Demontering av laftekassa og merking av bygningsdelane (demontering er ein føresetnad for at Fylkeskommunen kan ta prøver for datering). Utarbeiding av ein restaureringsplan. Tiltaket er ei tilrettelegging for planlagd prosess med å restaurere stabburet. Stabburet vert vurdert med høg alder og antikvarisk verdi.
	2.Vik kommune	Restaurere vindauger, hovedhus, lensmannsgarden, gbnr 36/9	276 180	138 000	0	Restaurering av 19 vindauge på lensmannsgarden i Bø. Lensmannsgarden er omtala i kulturminneplanen for Vik. Viktig tiltak, men det er behov for betre tilskotsdekning enn det som finst i denne tilskotsordninga.  Skomakarverkstaden på Vikøyri. Kulturminnet ligg i omsynssone., men kjem ikkje opp i prioriteringane i denne omgang.
	3.Vik kommune	Nytt tak, kledning og dør på skomakarverkstaden, Vikøyri gbnr 1/103	112 289	56 000	0	
<b>SUM VIK KOMMUNE (3)</b>			<b>438 469</b>	<b>219 000</b>	<b>20 000</b>	
26	1.Voss kommune	Tinrabakken har som målsetjing å tilbakeførast til det opphavlege. Søknaden omfattar utbetring av tak, roteskader i kledning og laftestokkar.	289 875	100 000	50 000	Voss kommune har kulturminneplan frå 2003 og ny som skal vedtakast i år. Kommunen har prioritert tiltaka, der dei også har teke med tiltak som ikkje kom med i vurderinga av søknader i fjor.  Huset, Tinrabakken, er frå tidleg 1700-talet. Endringar er i hovudsak gjort i 1902. Huset er i nasjonalromantisk stil med element av dragestil. Det har høg lokal og regional verdi, både som eit unikt bygg og som ein del av kunstnarheimmiljøet på Gjernes.
	2.Voss kommune	Restaureringsplan og restaurering, bygdemølle, Voss mylna, gbnr. 49/374	150 000	100 000	50 000	Bygdemølla er vurdert som eit regionalt verneverdig kulturminne. Bygget vart oppført som beinmølle i 1900, og sidan utvida til kornmølle i fem høgder. Det var i drift fram

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
						til1970. Stiftinga Voss mylna overtok bygget i 1995 og oppgraderte fangdammen og vøla taket. Det kunne kverne mjøl fram til 2013. Flaumskadde i 2014. Voss Mylna er prioritert i kulturminneplan og regulert med omsynssone H570 i KPA.
	3.Voss kommune	Restaurering av tak på Solheim ungdomshus	1 51 975	300 000	50 000	Solheim ungdomshus har 100-årsjubileum i år, og er teikna av den lokale kunstnaren Magnus Dragestad. Huset har i løpet av 1950-60- talet fått endra interiør knytt til kjøken, toalett, golv, utviding av sal og nedgang til kjeller. Huset har framleis ein viktig funksjon som grendahus for eit breitt lag av folket. Huset er karakteristisk som ungdomshus frå denne perioden.
	4.Voss kommune	Restaurering av skifertak, Mjølfjell grendahus	550 000	80 000	30 000	Søknad om å restaurere skifertak på Mjølfjell grendahus, samsvarer med kommunen sin prioritering.
	5.Voss kommune	Restaureringsarbeid på sel på Oksastølen, gbnr 726/1	519 875	75 000	0	Restaurere mur, vindauge, skifte kledning og deler av bølgeblekktak. Selet er frå overgangen 16-1700-talet. Støylen var i drift til midten av 1900-talet. Norsk kulturminnefond har støtta søknaden. Området ligg ikkje innafor omsynssone eller er nemnd i kulturminneplan.
	6.Voss kommune	Restaurering av vindauger i 2. og 3. etasje på bustadhus på Evanger,gbnr.384/20	300 000	242 000	0	Evangerhuset som tidlegare brukt som bakeri og telegrafstasjon, var bygd første halvdel av 1900-talet. Huset er eit godt døme på trehusarkitekturen for denne perioden. Det er søkt om tilskot til å restaurere dei karakteristisk vindauga i krysspost med inndelingar i små ruter i dei øvste rammene. Huset ligg innafor omsynssone bevaring, men kan ikkje prioriterast innafor tilgjengelege tilskotsordning i år.
	7.Voss kommune	Restaurering av utedo i Malinatunet, Øvre Vinje, Voss, Gbnr 260/12	11 550	11 550	0	Eit pietetsfullt tun med umåla bygningar, der lite bryt med gamal byggestil. Det er ynskje å restaurere den gamle

Nr	Kommune	Skildring av prosjektet	Kostnad	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
	8.Voss kommune	Restaurering av tak, grindverk, samanbyggdhus, Nesjahuaset, Kvandal	610 000	50 000	0	utedoen frå 1895. Viktig kulturminne som det finst få av, men kan ikkje prioriterast i denne omgang.
	9.Voss kommune	Restaurering/ laftekasse i Ameln-løa, Hagen gard, Mjølfjell	1 941 250	200 000	0	Nesjahuaset i Kvandal og Ameln-løa er ikkje omtalt i kulturminneplanen og ligg ikkje innanfor omsynssone. Kan ikkje prioriterast i denne runden.
<b>SUM VOSS KOMMUNE (9)</b>			<b>5 886 525</b>	<b>1 216 550</b>	<b>180 000</b>	
27	1.Øygarden kommune	Lemstova «Gamlahuaset i Ornevik» gbnr.30/722. Det er søkt om tilskot til tilstandsvurdering, historisk dokumentasjon og plan for vidare arbeid.	500 000	85 000	40 000	Øygarden kommune har vedteken kulturminneplan, og tilskotsordning for kulturvern. Bygget er svært autentisk, og skal setjast i stand etter antikvariske prinsipp. Lemstova består av to lafta tømmerkasser samanbygd med reisverk mellom. I begge gavlendar av huset finst to «skuter». Den eine tømmerkassa skriv seg truleg frå 1700-talet, og bygget er såleis eit av dei eldste, ståande bygga i Øygarden. Bygget blei ikkje prioritert i gjeldande kulturminneplan for gamle Fjell kommune, men grunna eigarskifte og initiativ omkring ivaretaking frå ny eigar har Øygarden kommune involvert seg i prosjektet. Bygget er vurdert til å inneha høg verneverdi.
<b>SUM ØYGARDEN KOMMUNE (1)</b>			<b>500 000</b>	<b>85 000</b>	<b>40 000</b>	